

Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---------------|---------------|------------|
| 16/004 | Viltnemnda | 11.04.2016 |
| 16/036 | Kommunestyret | 28.04.2016 |

Revidering av Retningsliner for Viltfondet - Sluttbehandling

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Hyllestad kommunestyre vedtek hermed slike

Retningsliner for bruken av Hyllestad kommune sitt viltfond

1. Formål

Desse retningslinjene er retningsgjevande for bruken av Viltfondet, innafor rammene i *Forskrift av 15.05.2011 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort, § 5.*

2. Prioriterte bruksområde

a. Ettersøk

- Dekking av utgifter til kommunale ettersøk og handtering av skada vilt / fallvilt
- Dekking av utgifter til opplæring av ettersøks-personell
- Tilskot til innkjøp og opplæring av ettersøks-hund

b. Interkommunalt samarbeid

- Deltaking i hjorteforvaltings-prosjekt
- Deltaking i / tilskot til hjorteforskings-prosjekt

c. Førebygging av viltskade på landbruksnæring

- Tilskot til oppsetting av hjortesikkert gjerde, permanent eller mellombels,

for å verne eng, utandørs grovfôrlager, næringsmessig åker- og hagebruk, juletre- og pyntegrøntfelt, og liknande, mot skadar valda av hjort

Alle søknadar om tilskot til hjortegjerde til same grunneigedom skal sjåast i

samanheng, slik at det berre blir gjeve tilskot til kortaste trasé ved utviding av

tidlegare inngjerda areal.

Det skal stillast krav i tilskotsvedtaket om framtidig vedlikehald av gjerdet i minst 10 år etter utbetaling og ev. krav om tilbakebetaling av tilskot om vedlikehaldet er mangelfullt.

Det skal takast omsyn til ferdselsreglane i Friluftsløva, §§ 2, 3 og 3a, og ev. tinglyste ferdselsrettar på den aktuelle eigedomen.

- Tilskot til andre skadeførebyggande tiltak

d. **Kunnskapsarbeid**

- Dekking av utgifter til vårteljing av hjort
- Tilskot til utdanning av instruktørar, innkjøp av utstyr og anna i samband med jegeropplæringa
- Dekking av utgifter til fagleg rådgjeving på gruppe- eller massenivå

Fondet kan også brukast til andre tiltak som fell inn under Viltfondforskrifta, § 5.

3. Stønadsform og –vilkår

Stønad frå fondet vert gjeven som tilskot.

Viltnemnda fastset tilskotsprosent på fritt grunnlag i kvar einskild sak, men likevel slik at tiltak same år, av same type og omfang, får likt tilskot.

1. **Kunngjering**

Adminstrasjonen kunngjer fondet årleg.

Ev. søknadsfrist skal vere minst 3 veker etter kunngjering.

2. **Utbetaling**

Tilskot frå fondet vert som hovudregel utbetalt etter at tiltaket er gjennomført.

Vilkår for utbetaling skal gå fram av løyvingvedtaket.

I særlege høve kan det betalast ut eit forskot på inntil 75 % av tilskotssummen, i høve til kor stor del av tiltaket som er gjennomført.

Forskot kan berre utbetalast i saker der dette går fram av løyvingvedtaket.

3. **Arbeidsfrist og inndraging av tilskot**

Løyvinga står ved lag i 3 år. Det kan ikkje søkjast om utsett arbeidsfrist.

For fysiske tiltak som er påbyrja men ikkje fullførte innan arbeidsfristen, vert det utbetalt tilskot i høve til kor stor del som er gjennomført, men berre når den gjennomførte delen har nytteverdi i seg sjølv.

Resttilskot som ikkje er nytta vert automatisk inndrege 3 år etter løyving.

For tiltak som ikkje er påbyrja innan arbeidsfristen, vert heile tilskotet inndrege.

Søkjaren kan då søkje om nytt tilskot til tiltaket seinare, og tiltaket vil då verte prioritert opp mot nye tiltak.

4. **Klagerett**

Avslag på søknad kan klagast inn for Formannskapet, jf. Delegeringsreglement for Hyllestad kommune, pkt. 1.3.1. Reglane i Forvaltningslova, kap. VI, gjeld for klage og endring av vedtak.

Vedlegg i saka:

| | |
|------------|---|
| 02.09.2015 | Forslag frå administrasjon |
| 01.12.2015 | Høyring - Retningsliner for bruken av Hyllestad kommune sitt viltfond |
| 03.12.2015 | Retningsliner for Viltfondet-Hu08.09.2015.docx |
| 23.03.2016 | Nye retningsliner for Viltfondet høyringsutkast |
| 23.03.2016 | Viltnemnd |
| 31.03.2016 | document2016-03-31-105828 |

11.04.2016 Viltnemnda

Handsaming:

Samrøystes vedtak:

VILT-16/004 Vedtak:

Hyllestad kommunestyre vedtek hermed slike

Retningsliner for bruken av Hyllestad kommune sitt viltfond

1. Formål

Desse retningslinene er retningsgjevande for bruken av Viltfondet, innafør rammene i *Forskrift av 15.05.2011 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort, § 5.*

2. Prioriterte bruksområde

a. Ettersøk

- Dekking av utgifter til kommunale ettersøk og handtering av skada vilt / fallvilt
- Dekking av utgifter til opplæring av ettersøks-personell
- Tilskot til innkjøp og opplæring av ettersøks-hund

b. Interkommunalt samarbeid

- Deltaking i hjorteforvaltings-prosjekt
- Deltaking i / tilskot til hjorteforskings-prosjekt

c. Førebygging av viltskade på landbruksnæring

- Tilskot til oppsetting av hjortesikkert gjerde, permanent eller mellombels,

for å verne eng, utandørs grovfôrlager, næringsmessig åker- og hagebruk, juletre- og pyntegrøntfelt, og liknande, mot skadar valda av hjort

Alle søknadar om tilskot til hjortegjerde til same grunneigedom skal sjåast i samanheng, slik at det berre blir gjeve tilskot til kortaste trasé ved utviding av tidlegare inngjerda areal.

Det skal stillast krav i tilskotsvedtaket om framtidig vedlikehald av gjerdet i minst 10 år etter utbetaling og ev. krav om tilbakebetaling av tilskot om vedlikehaldet er mangelfullt.

Det skal takast omsyn til ferdselsreglane i Friluftsløva, §§ 2, 3 og 3a, og ev. tinglyste ferdselsrettar på den aktuelle eigedomen.

- Tilskot til andre skadeførebyggjande tiltak

d. Kunnskapsarbeid

- Dekking av utgifter til vårteljning av hjort
- Tilskot til utdanning av instruktørar, innkjøp av utstyr og anna i samband med jegeropplæringa
- Dekking av utgifter til fagleg rådgjeving på gruppe- eller massenivå

Fondet kan også brukast til andre tiltak som fell inn under Viltfondforskrifta, § 5.

3. Stønadsform og –vilkår

Stønad frå fondet vert gjeven som tilskot.

Viltnemnda fastset tilskotsprosent på fritt grunnlag i kvar einskild sak, men likevel slik at tiltak same år, av same type og omfang, får likt tilskot.

1. Kunngjering

Adminstrasjonen kunngjer fondet årleg.
Ev. søknadsfrist skal vere minst 3 veker etter kunngjering.

2. Utbetaling

Tilskot frå fondet vert som hovudregel utbetalt etter at tiltaket er gjennomført. Vilkår for utbetaling skal gå fram av løyvingsvedtaket. I særlege høve kan det betalast ut eit forskot på inntil 75 % av tilskotssummen, i høve til kor stor del av tiltaket som er gjennomført. Forskot kan berre utbetalast i saker der dette går fram av løyvingsvedtaket.

3. Arbeidsfrist og inndraging av tilskot

Løyvinga står ved lag i 3 år. Det kan ikkje søkjast om utsett arbeidsfrist. For fysiske tiltak som er påbyrja men ikkje fullførte innan arbeidsfristen, vert det utbetalt tilskot i høve til kor stor del som er gjennomført, men berre når den gjennomførte delen har nytteverdi i seg sjølv. Resttilskot som ikkje er nytta vert automatisk inndrege 3 år etter løyving. For tiltak som ikkje er påbyrja innan arbeidsfristen, vert heile tilskotet inndrege. Søkjaren kan då søkje om nytt tilskot til tiltaket seinare, og tiltaket vil då verte prioritert opp mot nye tiltak.

4. Klagerett

Avslag på søknad kan klagast inn for Formannskapet, jf. Delegeringsreglement for Hyllestad kommune, pkt. 1.3.1. Reglane i Forvaltningslova, kap. VI, gjeld for klage og endring av vedtak.

28.04.2016 Kommunestyret

Handsaming:

KOMM-16/036 Vedtak:

Hyllestad kommunestyre vedtek hermed slike

Retningsliner for bruken av Hyllestad kommune sitt viltfond

1. Formål

Desse retningslinene er retningsgjevande for bruken av Viltfondet, innafor rammene i *Forskrift av 15.05.2011 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort*, § 5.

2. Prioriterte bruksområde

a. Ettersøk

- Dekking av utgifter til kommunale ettersøk og handtering av skada vilt / fallvilt
- Dekking av utgifter til opplæring av ettersøks-personell

- Tilskot til innkjøp og opplæring av ettersøks-hund

b. **Interkommunalt samarbeid**

- Deltaking i hjorteforvaltings-prosjekt
- Deltaking i / tilskot til hjorteforskings-prosjekt

c. **Førebygging av viltskade på landbruksnæring**

- Tilskot til oppsetting av hjortesikkert gjerde, permanent eller mellombels,

for å verne eng, utandørs grovfôrlager, næringsmessig åker- og hagebruk, juletre- og pyntegrøntfelt, og liknande, mot skadar valda av hjort

Alle søknadar om tilskot til hjortegjerde til same grunneigedom skal sjåast i

samanheng, slik at det berre blir gjeve tilskot til kortaste trasé ved utviding av tidlegare inngjerda areal.

Det skal stillast krav i tilskotsvedtaket om framtidig vedlikehald av gjerdet i

minst 10 år etter utbetaling og ev. krav om tilbakebetaling av tilskot om vedlikehaldet er mangelfullt.

Det skal takast omsyn til ferdselsreglane i Friluftsløva, §§ 2, 3 og 3a,

og ev. tinglyste ferdselsrettar på den aktuelle eigedomen.

- Tilskot til andre skadeførebyggjande tiltak

d. **Kunnskapsarbeid**

- Dekking av utgifter til vårteljing av hjort
- Tilskot til utdanning av instruktørar, innkjøp av utstyr og anna i samband med jegeropplæringa
- Dekking av utgifter til fagleg rådgjeving på gruppe- eller massenivå

Fondet kan også brukast til andre tiltak som fell inn under Viltfondforskrifta, § 5.

3. **Stønadsform og –vilkår**

Stønad frå fondet vert gjeven som tilskot.

Viltnemnda fastset tilskotsprosent på fritt grunnlag i kvar einskild sak, men likevel slik at tiltak same år, av same type og omfang, får likt tilskot.

1. **Kunngjering**

Adminstrasjonen kunngjer fondet årleg.

Ev. søknadsfrist skal vere minst 3 veker etter kunngjering.

2. **Utbetaling**

Tilskot frå fondet vert som hovudregel utbetalt etter at tiltaket er gjennomført. Vilkår for utbetaling skal gå fram av løyvingvedtaket. I særlege høve kan det betalast ut eit forskot på inntil 75 % av tilskotssummen, i høve til kor stor del av tiltaket som er gjennomført. Forskot kan berre utbetalast i saker der dette går fram av løyvingvedtaket.

3. **Arbeidsfrist og inndraging av tilskot**

Løyvinga står ved lag i 3 år. Det kan ikkje søkjast om utsett arbeidsfrist. For fysiske tiltak som er påbyrja men ikkje fullførte innan arbeidsfristen, vert det utbetalt tilskot i høve til kor stor del som er gjennomført, men berre når den gjennomførte delen har nytteverdi i seg sjølv. Resttilskot som ikkje er nytta vert automatisk inndrege 3 år etter løyving. For tiltak som ikkje er påbyrja innan arbeidsfristen, vert heile tilskotet inndrege. Søkjaren kan då søkje om nytt tilskot til tiltaket seinare, og tiltaket vil då verte prioritert opp mot nye tiltak.

4. **Klagerett**

Avslag på søknad kan klagast inn for Formannskapet, jf. Delegeringsreglement for Hyllestad kommune, pkt. 1.3.1. Reglane i Forvaltningslova, kap. VI, gjeld for klage og endring av vedtak.

Aktuelle lover, føresegner, avtalar m.m.:

Viltlova av 29.05.1981

Viltfondforskrifta av 15.05.2011

Retningsliner for bruken av Hyllestad kommune sitt viltfond, vedtekne av kommunestyret 08.04.2003

Kva saka gjeld:

Revidering av Retningsliner for Viltfondet

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Følgjande kommunestyrevedtak dannar grunnlag for saka:

- 084/00 Oppretting av kommunalt viltfond
- 029/03 Retningsliner for bruken av det kommunale viltfondet
- 036/14 Revisjon av delegeringsreglement for Hyllestad kommune

Viltnemnda ba i møte 09.06.2015 administrasjonen om å legge fram ei sak om revidering av retningslinene for bruken av Viltfondet til neste møte i nemnda. Nemnda gav også ein del føringar om kva punktet om hjortegjerde i retningslinene burde innehalde.

Administrasjonen la fram eit forslag til reviderte retningslinjer til nemnda sitt møte 08.09.2015. Viltneemnda vedtok å sende forslaget på høyring til aktuelle lag og organisasjonar, slik det låg føre.

Høyring

Forslaget vart sendt på høyring 01.12.2015 til:

- Fjaler og Hyllestad bondelag
- Hyllestad bonde- og småbrukarlag
- Hyllestad Jakt og Fiskelag
- Norsk Juletre.

Høyringsfristen var 01.02.2016.

Det kom inn 1 høyringsuttale, innan fristen, frå Fjaler og Hyllestad bondelag (FHB) . Dei har følgjande forslag til endringar i høyringsutkastet:

2.c.: Her seier høyringsutkastet: «Tilskot til hjortegjerde kan berre gjevast ein gong til same grunneigedom.». FHB sitt forslag er at ein kan gje tilskot fleire gonger til same runneigedom, men ved utviding av tidlegare inngjerda areal skal ein berre gje tilskot til kortaste trasé.

Høyringsutkastet seier vidare at det *kan* stillast krav i tilskotsvedtaket om framtidig vedlikehald av gjerdet. FHB ønskjer dette endra til: «Det *skal* stillast krav» ... «i minst 10 år etter utbetaling».

2.d.: Under andre kulepunkt: «Tilskot til utdanning av instruktørar, innkjøp av utstyr og anna i samband med jegeropplæringa.», ønskjer FHB tilføya: «Dette omfattar og tilskot til godkjent skyttarlag sine dokumenterte utgifter til jegerarrangement, samt tilskot som berre kjem jegerane indirekte til gode. (f.eks fasilitetar på ei skytebane)».

7.: FHB ønskjer slik tilføring: «Likevel skal formannskapet berre handsame klagen i henhold til sakshandsamingsfeil og feil vedtak i henhold til tildelingsreglane. Formannskapet kan ikkje omgjere lovleg vedtak fatta på fagleg grunnlag.».

Vurdering:

Bondelaget sitt forslag til formulering vedkommande søknadar om tilskot til hjortegjerde i 2.c. er betre enn høyringsutkastet. FHB sitt forslag er difor innarbeidd i framlegget til vedtak.

FHB si tilføring i 2.d. «Kunnskapsarbeid» fell derimot utanfor rammene i Viltfondforskrifta, § 5, og bør difor ikkje vere med i retningslinene. Det kan knapt hevdast at «tilskot til godkjent skyttarlag sine dokumenterte utgifter til jegerarrangement» eller tilskot til t.d. fasilitetar på ei skytebane, fell inn under «tiltak for å fremme viltforvaltning, styrke kunnskapen om viltet, jaktorganisering m.m. i kommunen og nabokommuner gjennom samarbeid i regi av organisasjonar, enkeltpersoner eller kommunen selv».

Vi har truleg alt brukt meir pengar på investeringar på skytebaner og ymse tilskippingar der, enn vi kan forsvare overfor regelverket for viltfond.

FHB sitt forslag til avgrensing av Formannskapet sitt mynde som klageorgan, kan vi ikkje på nokon måte ta inn i retningslinene. Eit klageorgan sitt mynde er definert i Forvaltningslova og kan ikkje avgrensast på den måten som bondelaget her legg opp til.